

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Nr. 2.

Tilleggsspørsmålnr.

Fylke: Troms.

Oppskriften er gjeldt: Härjedalen

Herad: Härjedalen

Emne: Røgtransport.

Bygd: Lærdal.

Oppskr. av: Kareskjønes,

Gard: Sætre.

(adresse): Karstad.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskriften er etter eiga røynsle. Etter det eg minnest frå barnearåa.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

På dei mindre gardane eller småbruken (den gongen hussmannspl.) bar dei inn høyet. På dei større gardane koyte dei høyet på sladar, meir under 4.- Utmarkslåtta var meir vanleg i åra ikr. siste hundreårsskifte enn seinare. Det var i vår bygd berre dei mindre bruken som måtte nytte utmarkslåtta. Utmarkslåtta var her på ei fjelløy, Grytøya, det var fjell=lien under toppane Stortussen og Litjetussen. Denne utmarkslåtta gjekk føre seg slik: I goedversdagar ~~hexxe~~ fødde folk dit på båtar som var så små at dei kunne tenne dei, drage dei på land, eller i serskilt fint vær la dei ligge for dregg frå landet eit stykke. (Var det aller så lite drag av havsjø, tungalda, var det utåd å lende "i fjellet"). Graset blei slått og ført til heimstaden ferskt, på båt. Men det var stor transport med graset før ein fekk det så langt. Etter det var slått og raka saman, blei det lagt i sloger. Til sloga brukte dei passeleg stor bjørk, la henne på bakken og la graset oppå, så mykje som terrenget og tilhøva elles gav høve til. Surra så sloga med eit par tog, og så drog ein sloga etter bjørkeleggen, eller og med tog som var fest der. I unnabakke ~~og~~ gjekk sloga av seg sjølv, men måtte alltid vere styrt av dei som følgde med. Gjekk ho seg fast, og det hende ofte i dette steinfulle lenget, og i skogen, så var det ikkje alltid lett å få ho fram att. "en elles gjekk sloga lett i bratta, og bakken var etterpå så oppfila at det mest var uråd å føte seg der ~~etterpå~~". I andre fjell=lier var det meir ope lende, og ein kunne bruke snørsekker til å sende graset i til fjøra. Desse snørsekkene måtte stappast godt, dess betre

dei var stappa, dess fastare dei var, dess betre gjekk dei og dess mindre høve var det til at dei rende seg fast i ulendet. Fjellet er fleire stader så bratt og harså lite unnlenda at ofte gjekk sekkehe beint på sjøen. Så var det då å karre dei i landså meste sjøvøta rann av dei før ein tok dei i båten. -- Men i normale høve måtte ein opne sekkene nettm som ein "opna" sloga og leggje graset i bører og bere det i båten. Til dette nytta dei børrbamd, vanleg tjukt iltog, la det dobbelt, og då var kunsten å ikke leggje "beint i børra", var ho skakk ilagt, kunne ho "renge" seg før ein kom i båten med ho. Det var gjerne to som hjelptest om å legge i børra og få ho på skuldra til han som bar. Tyngst var det å reise seg med børra, då var det om hjelpesmannen kunne halde godt opp=under, til ein kom seg på føtene. -- Eg har endå minne om dette slitsame arbeidet med å bere rágras, det leita på kreftene å kome seg fram gjennom ulendet med ei tung og stor børn, så selletampar og bukseknappar spratt, og skjorter rivna, og det kanskje endå blei sårt over skuldra etter børrebandet, som endå kunne springe, nettopp der endane kneip i bukta av bandet. Topp(bendel) av ung bjørk var stundom brukt, eg veit far nytta det. Dei "tok ikkje på" slik på oksla som vanleg tog. Men det kjem meg føre at børrene då var mindre enn med togband. -- Høyslogging og rágrasbering var det tyngste med utmarkslåtta. Snopastet transporten var med snøresekk. Dei var av hamp (brukt fiske=lina) og forma slik at dei mest råd er likna ei kule når dei var fylt, så dei lettare skulle "gå". -- Graset blei som før sagt ført til heimstaden rått. Det galldt då å få mest mogleg med seg kvar dagen ein var på fjellslåtta. Dei tok graset i båten, det dei hadde såått og fått til havs for kvar dagen. Men var det godversrid (langvarig godver) kunne dei og drive på og så og rake saman i større dungar eit par dagar, og så hente graset andre eller tridje dagen og føre det heim i ein stårre båt. -- Dei skipa inn i båten helst med flo sjø, og det galldt og å kome til heimestøa eller landingsvorren, landingsberget, med floa, så båten med farm kunne flyte åt. Stundom låg børrene lagt i båten så ein lett kunne ta dei oppatt. Eller sekkene, som ein baksa i land, og eit par mann/bar opp. Men til vanleg var gjerne rágrasfarmen godt ihopsigen, så det var eit heilt bask å toge layst det grove fjellgraset, og leggje det i børrbandet. -- I seinare tid serleg har dei sjølvsagt

også nytta hestar til oppkøyringa av rågrasfarmen, der hest er å få.

3. Som ein skjønar av dette, blir det ikkje tale om late høyet stå ute i stakk og førast heim på vinterføre. Men i mange andre bygder er sjølvsagt det det vanlege, der utmarkslåtta går føre seg på "landan stad" c: landfast med heimstaden, og framkomsten kan gjerast landvegen. Dei fleste stader nordpå nytta dei vinterføret til førsla heim, av høy som er stakka, eller står "i stakk".

4. For ei 50 år sidan nyttast endå høyslede til innkøyring av tørrhøyet. Det var ein vanleg slede, med bjørkedrag under. Den siste som nytta denne meir primitive reidskauen, la tørrhøyet på sleden utan å nytta grindar, som på vanleg vogn. Dei laga store "kjemer" (av å kjeme høyet, c: med høyriwa småkarre høyet, så det låg jamt og samla utan å ry for mykje av under køyringa). Når så lasset var fullt, la dei høytanga over. Det var ei lang bjørkesula, med eit tvertre smetta inn på suleendane og festa der.

Toget frå tanga gjekk under sleden (eller vognen) og blei smetta inn på tvertreet og etter ei veldig hard stramming, fastgjort med krysskast i tvertreet atter over lasset. Toget kalla dei reip, eller og jørret, det heiter endå "å jørre eit lass"; (gyrda, sml. den nordnorske uttalen av børr, ei, byrd).

Grindane har brigda seg på vogna i dei siste tiåra. Før var det meir lik ein kasse, med bord langsetter og tvert etter, 4 - 5 etter så høg grinda skulle vere (mest lik den grinda dei endå nytta til heimkøyring av torv). Men ved sida av ei slik til høykøyring har dei og nytta ei meir elastisk grind, så å seie, med oppståande spildrar på sideane, i sume høve og av tjukk galvanisert streng. Dermed kan grindene gje etter for hard pakking, ein kan få lassa godt fylte med god tråkking. - Dei vanlege tørrhøyllass var vel rekna til ei lo vekter (1 vekt = 20 kg.) Seinare, med meir opparbeidd og slettare slattemark, har lassa auka, så det er vanleg med ca. 300 kg. i lasset.

5. Ved sameige blei gjerne høyet delt i børre, og byta på den måten. Eg tenkjer serleg på 2 øyat, under Søleirvåg og Nord=Leirvåg, dei heiter begge Litjøya. Det for oppsittarane ein dag på ettersommaren og hausta. Det var gjerne berre mann og kone som var med på Litjøya, og slatta var ikkje større enn at dei gjorde seg ferdige innan kvelden.

Så delte dei graset (eller om dei hadde late det tørke på staden, høyet) og tok kvar sin part med i kjeksen heimover. Det var gjerne ein ekstra fin dag dei tok til denne sist slåttedagen sin i onna, og det var som ei ekstra høgtid over denne dagen der på øya. Karane slo og kvetta, og smått prata med kvarandre om laust og fast, og konene raka og bar småbørne saman. Så samlest dei til kaffi og mat rundt kaffikjelen, alle sjølvfolka i grenda. Og det var ei egen høgtid over dette samarbeidstaket. Det låg som ein dår av gamal tid og romantikk over kvelden då dei karra heim= over i stilla, karane på framårane og kone i framverskotten ~~med hamnemåranken~~, medag høyet låg i ^{etter} skotten og lengre fram om det trøngst. Dei hadde også i år hatt sin dag på Litj= Øya.-

Etterord: Eg gjer ~~fm~~ merksam på at eg kanskje kunne gjort dette meir fullkome om eg hadde nådd til notatane mine i Trondenes. Men her i Oslo har eg inkje med, og eg tek det alt berre etter minnet, det vesle eg kan ha å nemne om dette. (Alt av bøker m.m. er evakuert, og eg er her på Stortinget) =

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. Norsk Folkemuseum
BYGDØY

132